



Arne Bøe frå Manger er låtskrivar og vokalist. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sjølv ikkje Heimalanne klarar å laga nokon knallsuksess under ein låvedans i Uskedalen når det er berre fem plussgrader. At det kom berre vel 200 til Dønhaug Gjestegard for å høyre på og svinga seg til "Bergens svar på Hellbillies" hadde nok temperaturen som hovudårsak.

Men ein skal også ta med at konkurransen mellom arrangementa (14 i alt i Kvinnherad!) var utruleg skarp denne

helga.

På Dønhaug var det lunare i kjedlaren, der uslitelege Michael Røssland song og skapa ei god stemning. Men dei som trass i alt kom på låven fekk ein fin kveld, for Heimalanne er ei god oppleving for dei som er musikalsk altetande, og likar det norske. Det er ikkje så lett å plassera dei i ein musikalsk bås, dei serverer både country, blues og rock i ei heilstøypt blanding og musikken er fengjande og melodios, faktisk også med ein snev av det irske

Støypeforma er kvardagen og kvardagshendingar her i vest. "En hyllest til hverdagen" skreiv til dømes BT i fjor då plata "Godt å sjå deg" kom på marknaden. Anmeldaren skreiv at ein blir glad over å høyra plata der til og med poteten Kerrs Pink blir hylla av dei fem trauste og heimekjære karane.

Anmeldaren skreiv også at solide arrangementer lyfter dei enkle melodiane mange hakk og slutta slik:

"Når du på toppen av det hele får servert nydelige vokalharmonier så ble det hele rett og slett en fryd å høre på – fra "Dar ska eg bu" på første spor til "Bønn" på det fjortende og siste.

Så dei som ikkje kom på Dønhaug bør avgjort kjøpe plate i staden – gjerne også den neste. Det blir opplyst at bandet har starta arbeidet med denne. Mange nye låtar er under innøving og dei spelar inn eitpar singlar no i juni.

Ei samanlikning med Hellbillies meiner mange kjem ut til vestlendingane sin fordel både i musikalsk spennvidde og kvalitet på tekst og melodiar. Det er ingen dum konklusjon!

Av Ola Matti Mathisen



Det var ikkje akkurat tettpakka på låvegolvet laurdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)